

Du videresendte denne meldingen 27.11.2015 13:23.

Fra: Oddrun Grønvik  
Til: Kristian Emil Kristoffersen  
Kopi: insttuttstyret@in.uio.no  
Emne: [instituttstyret] Brev frå Kulturdepartementet om brukarrettleiinga

Sendt: ma 16.11.2015 10:20

Til ILN ved instituttleiar.

I følgje Kulturministeren er det gått brev frå Kulturdepartementet til UiO om at KD ikkje godtek at UiO ikkje utarbeider brukarrettleiing til Norsk Ordbok. Det blir i statsrådens innlegg understreka at løyvinga gjeld kalenderåret 2015. Implikasjonen er vel at pålegget ikkje kan bli borte, men pengane er løyvde for i år. Så vidt eg kan sjå, vil det seia at UiO må ta kostnaden ved å utarbeida brukarrettleiinga aleine om det ikkje kjem ei løysing før årsskiftet.

Eg ser ikkje dette brevet i innjournalen til UiO. Har ILN fått brevet?

Eg ber om at styret på neste styremøte får ei orientering om korleis denne saka skal løysast før utgangen av året.

"Kjersti Toppe (Sp) [12:10:07]: «Universitetet i Oslo har ifølgje Klassekampen 29. september d.å. i brev til Kulturdepartementet meldt at universitetet ikkje har naudsynt bemanning for å laga ei brukarrettleiing for Norsk Ordbok, trass i at UiO har søkt om og fått tildelt 400 000 kroner til dette føremålet. Prosjektleiar Åse Wetås meiner Norsk Ordbok vil ha langt mindre verdi for brukarane om det ikkje blir utarbeidd rettleiing til både nettversjonen og bokverket.

Vil statsråden leggja ytterlegare press for at UiO utarbeider rettleiinga?

Statsråd Thorhild Widvey [12:10:51]: Siden prosjektet Norsk Ordbok ble satt i gang i 2002, har det kostet staten ca. 130 mill. kr. Når prosjektet er ferdig, vil vi ha et vitenskapelig oppslagsverk over norske dialekter og nynorsk skriftspråk som det ikke finnes maken til. Samfunnet må få mest mulig igjen for disse investeringene.

Et så avansert produkt behøver veiledning for at flest mulig skal kunne bruke det, og Universitetet i Oslo har, som representanten sa i sitt spørsmål, søkt om midler til å lage en brukerveiledning i 2015.

Kulturdepartementet ser på brukerveiledningen som en siste brikke som må på plass før prosjektet er fullført, og som kjent har vi bevilget 400 000 kr til dette formålet i år. Universitetet har i brev av 3. september orientert om at de allikevel ikke vil skrive inn en slik veiledning. Dette finner jeg ikke tilstrekkelig, og det har jeg gitt uttrykk for - sist i brev til universitetet denne uken.

Jeg legger til grunn at Universitetet i Oslo sørger for en løsning før året er omme."

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Stortinget/2015-2016/151111/>

Med vennleg helsing

Oddrun Grønvik